



Smitteutviklinga i Alver

Rapport for perioden onsdag 19. til tysdag 25. januar.

Smittetal

Frå 19.-25. januar har **349 personar** har fått påvist koronavirus (med PCR-test) i Alver kommune.

Prøvesvara frå laboratoriet på Haukeland var forseinka tysdag 25. januar. Dei ti rapporterte smittetilfella tysdag 25. januar er svar på prøvar som er tatt i andre kommunar.

Aldersfordeling

Aldersfordelinga for tilfella i perioden slik:

Aldersgruppe	Tal på smitta	Prosent
Under 5 år	11	3 %
5 - 11 år	68	19 %
12 - 15 år	76	22 %
16 - 17 år	9	3 %
18 - 29 år	53	15 %
30 - 44 år	79	23 %
45 - 64 år	51	15 %
over 65 år	2	1 %

Smitteveg

Stort trykk på koronasenteret, gjer at vi ikkje har kapasitet til å kartleggje smittevegen til dei som får påvist koronavirus. Vi har difor ikkje informasjon om smittevegen dei siste sju dagane, men reknar med at hovudkategoriane framleis er:

- Eigen husstand
- Ukjent smitteveg

At mange har ukjent smitteveg betyr at dei er smitta av personar som ikkje veit at dei er smittsame.

Utviklingstrekk

Smittetala har gått bratt oppover den siste månaden. Sidan den første veka etter jul har tala om lag dobla seg frå veke til veke.

Vi reknar med at dei reelle smittetala er langt høgare enn dei vi kjenner til.



Ein av grunnane kan vere at ein stor del av dei rapporterte tilfella har ukjent smitteveg. Vi reknar med at fleire av dei med svake/ingen symptom ikkje testar seg, og difor heller ikkje blir ein del av statistikken.

Sidan starten av pandemien har vi rapportert våre egne smittetal i staden for å vise til tala i Folkehelseinstituttet sitt meldingssystem for smittsame sjukdommar (MSIS). Dette har vi gjort fordi tilfella i MSIS er basert på folkeregistrert adresse, og difor kan vere fleire enn dei vi har i vår eigen statistikk. Ein student som ikkje har meldt frå flytting frå Alver til studieplassen sin, vil til dømes komme i statistikken til Alver – sjølv om studenten bur og har testa seg ein annan stad i landet.

Med dei høge smittetala vi har hatt den siste tida vil MSIS-tala gi eit godt bilete av smittesituasjonen i kommunane. I tida framover vil vi vise til MSIS-tala til Folkehelseinstituttet, som seier kor mange personar med folkeregistrert adresse i Alver som har testa positivt på ein PCR-test.